

**Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Avdeling for næring og kultur

Askedalen 2

6863 Leikanger

post@sfj.no

Ålesund 10. juni 2016

**Søknad om støtte til utviklingsarbeid ved Singerheimen**

Vi syner til møte mellom styret for Stiftinga Singerheimen og representantar frå næring- og kulturavdelinga ved fylkeskommunen den 13. mai 2016.

Her presenterte styret dei største utfordringane ved dagens drift av Singerheimen og skisserte ulike framtidbilette og alternative løysingar for eigarskap og drift for best å kunne ivareta stiftelsen sine formål.

Største utfordringar:

- Forfall av bygningsmasse, interiør og uteareal
- Ikkje tilstrekkeleg økonomi til vedlikehald og oppgradering
- Begrensa overnattingskapasitet for grupper
- Ikkje isolert, kun sommardrift
- Lite attraktivt for profesjonelle drivarar
- Attraksjonsverdien minkar år for år med drift og vedlikehald som i dag
- Stiftelsen er avhengig av årlige driftstilskot frå fylkeskommune og kommune

Både nærings- og kulturavdelinga og Singerheimen sitt styre ser behovet for å utarbeide eit godt grunnlag for vurdering av vidare drift og organisering. Vi ønskjer å gjennomføre ei kartlegging i tett samarbeid, slik at vi får dra best mogleg nytte av den erfaring og kunnskap kulturseksjonen sit inne med om Singerheimen, og slik at vi får gjennomført arbeidet mest mogleg kostnadseffektivt.

Stiftinga Singerheimen søker no i samsvar med behovsgjennomgangen i vårt møte med fylkeskommunen om finansiering av vidare utgreiingsarbeid med til saman kr 150 000. Desse midlane vil bli brukt til:

- Planskisser over Singerheimen sine bygningar og potensiale med kalkylar/kostnadsoverslag
- Oversikt over naudsynt vedlikehald med kostnadsoverslag
- Partnersøk, presentasjon til aktuelle investormiljø

Vi håpar de vil sjå med velvilje på vår søknad, og er tilgjengeleg for avklarande spørsmål ved underteikna (mobil 924 55 852). Sjå vedlagt pristilbod frå Åmot Operagard og Link Arkitektur.

Med vennleg helsing

Åsne Folstad  
styreleiar Stiftinga Singerheimen